

RAPPORT B

VURDERING AV UTBETRINGSMOGLEGHEITER I EKSISTERANDE STASJON PÅ TYSSE



Datert: 19.03.2024

Utarbeidd av: ABO Plan & Arkitektur AS

INNHALDSLISTE


1	INNLEIING	3
2	LOV, FORSKRIFT OG FØRINGAR	3
2.1	<i>Beredskapsanalyse for Samnanger brannvesen</i>	4
2.2	<i>Arbeidsmiljølova</i>	4
2.3	<i>Arbeidsplassforskrifta</i>	4
2.4	<i>Rettleiing</i>	5
3	GJENNOMFØRTE TILSYN OG KARTLEGGINGAR	5
4	DAGENS SITUASJON	5
5	VURDERING AV MOGLEGHEITER FOR OPPGRADERING AV DAGENS BRANNSTASJON	7
5.1	<i>Føresetnader</i>	7
5.2	<i>Planløsning for ein utbetra brannstasjon</i>	8
5.3	<i>Vurdering av ombygging opp mot gjeldande krav</i>	10
5.4	<i>Grovsanering og vaskehall</i>	11
5.5	<i>Tilleggsfunksjonar i Raude Kross-bygget</i>	14
6	ANDRE VURDERINGAR/UTBETRINGSILTAK I TILKNYTING TIL VIDARE BRUK AV STASJON PÅ TYSSE	16
7	KOSTNADSBEREKNING	17
8	USIKKERHEIT OG RISIKO	19
8.1	<i>Naudsynte løyver frå arbeidstilsynet</i>	19
8.2	<i>Naudsynte løyver frå Vestland fylkeskommune</i>	20
8.3	<i>Midlertidig brannstasjon</i>	20
8.4	<i>Naudsynte kompenserande tiltak ved Skottabakken for å stette krav til responstid</i>	20
8.5	<i>Fleksibilitet og framtidig beredskapsbehov</i>	20
9	OPPSUMMERING	20
10	VEDLEGG	21

1 INNLEIING

Samnanger kommune si beredskapsanalyse syner at beredskapsavdelinga har ein del manglar og behov som må rettast opp i for å tilfredsstille regelverkskrav og handtere den risikoen og sårbarheita som er i kommunen. For å blant anna tilfredsstille krav til reine og skitne sonar, ventilasjon og åtskilte dame- og herregarderobor, er det trong for å anten bygge ny eller å oppgradera eksisterande stasjon.

Det er gjort følgande vedtak i Samnanger kommunestyre, som ABO Plan & Arkitektur AS har fått i oppdrag å utgreie:

Samnanger kommunestyre, 23.02.23 sak 007/2023



Vurderinga i denne rapporten, og i rapport «*Lokalitetsvurdering og dimensjonsstudie for ny brannstasjon i Samnanger*» bygger på krav i gjeldande forskrifter og lovverk knytt til arbeidsmiljø og helse, miljø og tryggleik.

Denne rapporten vurderer i første rekke ei ombygging av dagens stasjon, med tilleggsfunksjonar i Raude Kross-bygget og på kommunal tomt på Frøland.

2 LOV, FORSKRIFT OG FØRINGAR

Det finst ikkje nokon felles nasjonal standard for brannstasjonar. Det er primært forskrifter og samtykkebehandling frå arbeidstilsynet som gjer seg gjeldande når ein skal gjere arbeid med å anten rehabilitere eksisterande stasjonar eller bygge ny.

I kapitla under er det gjeve ein oversikt over gjeldande regelverk som gjeld tekniske krav til bygg. Dei overordna føringane for beredskap i kommunane og brann- og redningsvesenforskrifta følgjer av tomteanalysa.

2.1 Beredskapsanalyse for Samnanger brannvesen

Samnanger brann- og redningsvesen sin beredskapsanalyse skildrar dei beredskapsmessige oppgåvene som dei er pålagt, risikoen som SBV skal handtere, samt ein analyse av kva utstyr, personell og kompetanse som er naudsynt for å kunne handtere tre dimensjonerande hendingar. Dokumentet skildrar manglar og behov som må rettast opp i for å tilfredsstille regelverkskrav. Eitt av tiltaka er å oppgradera eksisterande brannstasjon eller å byggje ny.

I dokumentet er det definert 10- minuttars og 20- minuttars objekt etter *Brann- og redningsvesenforskriften § 22*:

20-minuttsobjekt	Utrykkingstid
Haga (tettstad)	10 min.
10-minuttsobjekt	Utrykkingstid
Samnangerheimen	10 min.
Skottebakken	14 min.

Figur 1. Tettstaden Haga er definert som eit 20-minuttsobjekt. Samnangerheimen og Skottebakken er definert som 10-minuttsobjekt. Oppgitt utrykkingstid er altså frå eksisterande stasjon ved Tysse.

2.2 Arbeidsmiljølova

Arbeidsmiljølova gjeld for alle verksemder og har til føremål å «sikre et arbeidsmiljø som gir grunnlag for en helsefremmande og meningsfylt arbeidssituasjon, som gir full trygghet mot fysiske og psykiske skadeverknader, og med en vferdsmessig standard som til ein kvar tid er i samsvar med den teknologiske og sosiale utvikling i samfunnet».

I særskilt grad er lovas § 3- om krav til systematisk helse,- miljø- og sikkerheitsarbeid og § 4 om krav til arbeidsmiljøet relevant i vurderingane av trong for ny brannstasjon i Samnanger kommune.

Arbeidsmiljølova sine krav til arbeidsmiljø er uavhengig av kor lang tid arbeidstakarane oppheld seg på staden der arbeidet vert utført. Dette betyr at arbeidsmiljøet skal vere fullt forsvarleg uavhengig av kor lang tid ein arbeidstakar oppheld seg ved arbeidsplassen.

2.3 Arbeidsplassforskrifta

Arbeidsplassforskrifta gir reglar om korleis arbeidsplassar skal utformast, og det er blant anna denne forskrifta arbeidstilsynet handsamar etter når dei skal godkjenne søknader. Alle søknadspiktige tiltak på ein arbeidsplass skal sendast til arbeidstilsynet for godkjenning.

2.4 Rettleiing

I søknad om Arbeidstilsynets samtykke må tiltakshavar dokumentere at krava til det fysiske arbeidsmiljøet er oppfylt, også i dei tilfelle der bygning ikkje har faste arbeidsplassar.

Les meir om dette her:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-lokaler-med-ikke-faste-arbeidsplasser/>

Tilsette ved brannstasjonar blir utsette for arbeidsmiljøfaktorar som kan føre til blant anna kreft. Ved brannstasjonar skal difor dei fysiske forholda gi vern mot forureining frå brannrøyk, helsefarlege kjemikaliar og biologiske faktorar. Spesielt viktig er det å oppfylle kravet om reine og ureine område med dusj mellom.

Arbeidstilsynet har utarbeida eit dokument om krav til fysisk arbeidsmiljø i brannstasjonar:

<https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-fysisk-arbeidsmiljo-i-brannstasjonar/>

3 GJENNOMFØRTE TILSYN OG KARTLEGGINGAR

- I 2016 vart det gjennomført eit postalt tilsyn frå Arbeidstilsynet på området kjemisk eksponering for støv, gass og brannrøyk. Dette tilsynet vart lukka med grunnlag i at det skulle byggast ny brannstasjon i Samnanger innan få år (*Kjelde: Kartlegging og risikovurdering, eksponering for støv, gassar og brannrøyk. Aug.2019, Bedriftshelse1*).
- I august 2019 vart det gjort ei kartlegging og risikovurdering av dagens brannstasjon med omsyn til eksponering for støv, gassar og brannrøyk. Det vart registrert fleire avvik og for fleire av desse er bygging av ny brannstasjon oppført som einaste langsiktige løysing. Rapporten ligg vedlagt.
- 05.09.22 vart det gjennomført vernerunde som konkluderte med brot på HMS-krav knytt til klemfare i garasje og manglande skilje mellom rein og urein sone. Rapport ligg vedlagt.

4 DAGENS SITUASJON

Dagens brannstasjon ligg langs Tyssevegen mellom Haga og Tysse. Bygninga ligg i eit bustadstrok, er gamal og oppfyller ikkje dagens krav til helse, miljø og tryggleik (HMT-krav). Frå stasjonen på Tysse når heller ikkje brannmannskapet Skottebakken innan 10 min (eitt av dei to 10-minuttarsobjekta i kommunen). Det er i dag 17 tilsette på vaktordning.




Figur 2. Dagens brannstasjon ligg på Tysse.

Brannstasjonen i Samnanger blei bygd på Tysse på 1930-tallet, og kontordelen på 1980-tallet. Det finst ingen originale teikningar av bygget. ABO Plan & Arkitektur AS har målt opp og laga ein oversiktsteikning for å få oversikt over areal og funksjonar i brannstasjonen.

Eksisterande stasjon har bruksareal på om lag 240 m².

Vedlagt denne rapporten ligg ein beskriving av tiltak som er gjort dei seinare åra for å rette opp nokre av avvika som ved tidlegare tilsyn er avdekkja: «*VEDLEGG. Gjennomførte utbetringar*».

Samnanger kommune sin beredskapsanalyse beskriv dagens beredskap og dimensjoneringsgrunnlag for korleis brannvesenet i kommunen skal organiserast og driftast. Dette er difor ikkje nærare beskrive i denne rapporten.



plan 01
1 : 100

Figur 3. Denne skissa syner eksisterande planlysing (mlt opp og teikna av ABO Plan og Arkitektur AS).

5 VURDERING AV MOGLEGHEITER FOR OPPGRADERING AV DAGENS BRANNSTASJON

Av dette kapittelet flgjer ein vurdering av ytterlegare utbetringmglegheiter enn dei som allereie er gjennomfrt (beskrive i vedlegg) . Det er gjort ein vurdering av areala med omsyn til å gjere tiltak som stetter krav i gjeldande regelverk¹. Ved sknad om ombygging skal det skast arbeidstilsynet om samtykke, kravet gjeld altså ikkje berre for oppfring av nye bygg, men òg rehabilitering. Vurderingane i dette kapittelet er basert på arbeidstilsynet sine krav til fysisk arbeidsmilj i brannstasjonar (fotnote 1).

Kommunen/ABO har hatt dialog med og ftt rettleiing fr Arbeidstilsynet i arbeid med denne rapporten, men naudsynte godkjenningar vert frst gjeve når ein sker om lyve til tiltak. Risiko knytt til usikkerheit om naudsynte lyver, og andre uavklarte tilhve, flgjer kap. 6.

5.1 Fresetnader

Flgjande fresetnader/moment er lagt til grunn for dei vurderingane som er gjort

- Sjølv om stasjonen ikkje er bemanna, er den definert som ein arbeidsplass etter arbeidsplassforskrifta.

¹ <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/veiledning-til-dokumentasjonskrav-ved-soknad-om-arbeidstilsynets-samtykke/krav-til-fysisk-arbeidsmiljo-i-brannstasjonar/>

- Rehabiliteringa vert i all hovudsak halde innanfor eksisterande bygningskropp då det ikkje er mogleg å utvide bygninga.
- Garderobe plass til 1 dame og 20 menn er lagt til grunn.
- Tilhøve knytt til rutinar for dei tilsette, eller fysiske tiltak som ikkje krevjer særleg plass, er ikkje tatt med i vurderinga.
- Vaskehall med grovsanering må etablerast ein annan plass i kommunen. I denne rapporten er kommunal eigedom på Frøland vurdert. Det må etablerast rutinar for reingjering og grovsanering av klede og utstyr ved denne løysinga.
- Det må gjerast avbøtande tiltak i Skottabakken i tråd med rapport om brannteknisk vurdering i bygget, utarbeidd av AFRY. Dette fordi Skottabakken er definert som eit 10-minuttars objekt som ligg 13 minutt unna stasjonen på Tysse.
- Tilleggsfunksjonar som kontor/debrief, treningsrom, møterom osv., må ligge andre plassar i kommunen. Leige eller kjøp av bygg med møterom/kontor og garasje plass i Raude Kross-bygget vurdert.
- Parkeringsplass ved dagens stasjon må stengast for andre bilar.
- Det må etablerast tiltak for trafikksikker kryssing frå parkeringsplass til stasjon. Av omsyn til tryggleik ved rygging og utkøyring frå dagens stasjon er det vurdert om det er aktuelt å etablere varsellys ved fylkesvegen. Dette må avklarast med Vestland fylkeskommune.
- Det må etablerast ein midlertidig løysing under ombygginga som opprettheld tilstrekkeleg beredskap i kommunen under byggeperioden.

5.2 Planløysing for ein utbetra brannstasjon

Det er gjort eit forsøkt på å løyse gjeldande krav til garderobar med blant anna omsyn til rein og urein sone. Dette kravet er særskilt viktig for utforming av brannstasjonar. Det er viktig å påpeike at det ikkje berre er oppdrag med eksponering for røyk som har krav for vask og garderobe. Dette gjeld i tillegg for «first-responder»-oppdrag, med mogeleg eksponering for biologisk materiale.

I planteikninga under er det vist ein planløysing som stettar gjeldande krav til rein og urein sone. Teikninga syner følgjande:

- Kontorbygget er utvida noko for å få litt meir areal og ein kopling mellom bygga.
- Garderobar er flytta til kontorbygget. Det er teikna kjønnsdelte fingarderobar med toalett og dusj. Eksisterande areal for verkstad er gjort om til felles utrykkingsgarderobe. For å få

nok areal er vegger mot kontorbygget og eksisterande garderober rive. Etter uttrykking skal mannskapet slusast via vaskerommet og inn i kjønnsdelte garderober med wc (urein sone), der dei vert slusa via dusj til rein sone.

- Det er 3 inngangar til garderobebygget i tillegg til ein intern inngang via utrykkingsgarderoben.
- Vaskerom er teikna i felles sluse i uren sone. Det er teikna inn en barrierevaskemaskin slik at man kan hente rent tøy i utrykkingsgarderoben (rein sone). Arealet må vurderast opp mot om ein skal fortsette med dagens løysing eller om ein ønskjer å ha vasking av kle på brannstasjonen.
- Det er sett inn ei dør i den eine porten til vognhallen.
- I den gamle garderobedelen er det tørkerom, bøttekott og wc i tilknytning til utrykkingsgarderoben, verkstad og lager.
- Det er teikna inn nytt skilje mellom garasjen og dette området då dagens situasjon ikkje er god nok.
- Ombygging til føreslått planløyising er basert på ei seinking av golv for eksisterande kontorbygg, heving av golv i eksisterande garderobeareal og heving av tak for eksisterande verkstad.



Figur 4. Forslag til planløyising som stettar krav til rei og urein sone.

5.3 Vurdering av ombygging opp mot gjeldande krav

Av tabellane under kjem det fram kva krav Arbeidstilsynet har til utforming, blant anna av rein og skitten sone, samt vurdering av skissert løysing opp mot gjeldande krav.

Arbeidstilsynet sitt krav til reint område	Vurdering av skissert løysing
Kjønnsdelt fingarderober med kjønnsdelt toalett og garderobeskap for privat tøy. Brannfolk og feiarar skal ikkje reise til og frå jobb i ureint arbeidstøy.	Skissa syner ei kjønnsdelt fingarderober med kjønnsdelt toalett. I tillegg er det teikna ei felles utrykkingsgarderober for uniform.
Utrykningsgarderober eller grovgarderober med skap som har avtrekk over skapa eller undertrykk, for oppbevaring av brann- og feiarklede etter vask.	Skissa syner ein utrykningsgarderober med skap. Denne må ha avtrekk over skapa eller undertrykk, for oppbevaring av brannklede etter vask.
Pauserom eller opphaldsrom med moglegheit for å lage mat.	Skissa syner ei løysing med pauserom i Raude Kross bygget.
Kontor eller møterom	Kommunen ønskjer å leige eller kjøpe Raude Kross-bygget for å få opphaldsrom/ møterom/ debrief/ kontor. Om lokala berre skal nyttast av utrykkingspersonale er det gjeve eit generelt unntak for krav om universell utforming/trinnfri adkomst. Om Raude Kross - bygget skal nyttast til kontor og/eller til debrief til andre enn utrykkingsmannskap, må Raude Kross-bygget utbetrast med løfteplattform og andre tiltak for å tilfredsstille krava til UU.
Treningsrom	Det kan vurderast å nytte lokalar andre plassar for trening.
Reinhaldsrom som er utstyrt for den reingjeringsmetoden som er vald	Det er teikna inn eit reinhaldsrom i forslaget til ombygginga. Arealet må justerast etter valt metode.
Soverom med tilgang til dusj og toalett. Dette gjeld ved heiltids brann- og feievesen som har behov for innkvartering.	Samnanger brannstasjon er ein ubemanna brannstasjon. Dette er difor ikkje relevant.

Arbeidstilsynet sitt krav til ureint område	Vurdering av skissert løysing
Kjønnsdelt toalett med tilgang frå vaskehall, vognhall eller kjønnsdelt grovgarderober.	Skissa syner kjønnsdelt toalett i rein og urein sone.
Kjønnsdelt grovgarderober	Skissa syner tilgang til kjønnsdelte garderober via felles sluse. Frå garderoberne slusast man via kjønnsdelte dusjar inn i fingarderoberne.
Vaskerom til vask av utstyr	Det er avgrensa areal i slusa med vaskerom. Det største utstyret må vaskes i vaskehallen på Frøland.
Tilgang til barrieremaskin eller industrivaskemaskin – eller rutinar for at tøyet blir vaska utanfor brannstasjonen.	Skissa syner vaskerom med barrieremaskin i felles sluse. Då kan reint tøy takast ut i felles utrykningsgarderober i reint område. Tal barrieremaskiner og størrelse på maskin avgjer om ein kan ha ei slik løysing på stasjonen. Eventuelt må ein ha spesialvaskemaskin og fortsette med rutinar der tøyet blir vaska utanfor brannstasjonen.

<p>Vaskehall eller vaskestad for brannbil og anna utstyr der ein kan ha oljeutskiljar og eksosavsug</p>	<p>Samnanger brannstasjon har ikkje vaskehall eller ordentleg vaskestad for brannbil og anna utstyr. I dag vert bilane vaska rett utanfor stasjonen. Her er det ikkje oppsamlingskum. Ved ein eventuell rehabilitering har kommunen føreslått at det vert etablert ein vaskehall på Frøland. Etter oppdrag vert uniformene pakka ned ute på oppdrag og mannskapet har då tynn bekledding på i bilane på retur. Når mannskap då skal vaske køyretøy, må det lagast gode rutinar for korleis mannskapet skal kle seg ved vasking av utstyr, bekledding og bil. Det må også vere tilgang til toalett. Sjå beskriving og vurdering i kap. 5.4.</p>
---	--

<p>Øvrige krav (som ikkje er knytta til eksponering for røyk og farlege stoffar)</p>	<p>Vurdering av skissert løysing</p>
<p>Arbeidsplassforskriften § 2-1, andre ledd:</p> <p><i>«Arbeidsplasser skal være dimensjonert, innrettet og tilpasset arbeidets art, arbeidsutstyret og den enkelte arbeidstaker. Gulvarealet skal være så stort at det blir tilstrekkelig fri plass til gode og varierte arbeidsstillinger og bevegelser, og slik at arbeidet og bruk av arbeidsutstyr ikke medfører fare for sikkerhet og helse.»</i></p>	<p>Brannvesenet har i dag ein tankbil, mannskapsbil, pickup, brann/redning bil, båt på hengar og tilhengar med pumpe. I tillegg skal dei ha tilgang til tilhengar med ATV. Ved leige eller kjøp av Raude Krosss-bygget får ein meir garasje plass, som vil betre utfordringa med klemfare. I garasjen til brannstasjonen må mannskapsbil og tankbil stå. Skissa viser at båt på hengar og tilhengar med pumpe også er plassert her. Løysinga viser at det er veldig trangt mellom tankbil og båt på hengar, men at det er god plass mellom tankbil og mannskapsbil. I garasjen til Raude Kross-bygget er pickup og framskutt enhet plassert. Gjer oppmerksom på at garasjen ikkje er presist målt opp og at brannvesenet må vurdere best plassering av køyretøy og utstyr.</p>
<p>Brann- og redningsvesenforskriften § 22 om utrykkingstid:</p> <p><i>«Brann- og redningsvesenets utrykningstid skal ikke overstige 10 minutter ved brann i</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <i>a) tettbebyggelse med særlig fare for rask og omfattende brannspredning</i> <i>b) sykehus, sykehjem og lignende institusjoner som krever assistert rømning</i> <i>c) områder med konsentrert og omfattende næringsdrift eller lignende.</i> <p><i>Utrykningstiden til objekter og områder nevnt i første ledd kan i særskilte tilfeller være lengre dersom det er gjennomført tiltak som kompenserer den økte risikoen i tråd med risiko- og sårbarhetsanalysen og beredskapsanalysen, jf. forskriften § 7 og § 9, men utrykningstiden skal aldri overstige 20 minutter.»</i></p>	<p>Brannstasjonen på Tysse ligg lengre vekk enn 10 minutt frå Skottabakken. I særskilte tilfelle kan utrykkingstida vere lengre, dersom det er gjennomført kompensierende tiltak. Beskrivelse av kompensierende tiltak følgjer av rapport frå AFRY.</p>

5.4 Grovsanering og vaskehall

I kartlegginga frå Bedriftshelse1 i 2019 «Kartlegging og risikovurdering- Eksponering for støv, gassar og brannrøyk» er det beskrive at reinhald av bil og slangar går føre seg utandørs. Noko vert grovsanert og noko vert reingjort. Utstyr/ytterkle vert sendt til Bergen for

reingjering. Dagens løysing gir fare for eksponering for støv, gass og brannrøyk til luftvegar, hud og munn og i rapporten er det slått fast at langsiktig løysing er vaskehall i ny stasjon.

Arbeidstilsynet sitt krav til skilje mellom reint og ureint område inneber at det må finnast vaskehall eller vaskestad for brannbil og anna utstyr der ein kan ha oljeutskiljar og eksosavsug.

Plassering av vaskehall vert vurdert i kvart einskild tilfelle av arbeidstilsynet ut frå tal skarpe oppdrag, tal tilsette og avstand mellom vaskestad og sjølve stasjonen. Ved at mannskapet framleis er å anse som kontaminert når dei forlet vaskeplassen og returnerer til stasjonen, vil det vere trong for ytterlegare reingjering etter å ha returnert til brannstasjonen før dei kan ta på seg sitt private tøy. Det er ikkje plass til å etablere vaskehall for bil og utstyr med grovsanering i eller i nærleiken av dagens stasjon.

Utforming og vurdering av aktuell tomt


I vurdering av utforming og plassering av vaskehall for kjøretøy og utstyr, er det sett til eksisterande vaskehall til brannstasjon på Os i Bjørnafjorden kommune.

I tillegg er Brannmenn mot kreft sin rettleiar: «*Tilrettelegging ved norske brannstasjoner*» lagt til grunn. I denne rettleiaren står det at «*Alle brannstasjoner bør ha tilgang til vaskehall og klargjøringshall 24 timer i døgnet, fortrinnsvis på stasjonen.*»


Vidare står det beskrive kva utstyr vaskehallen må ha tilgang til. Rettleiaren seier også noko om anbefalte dimensjonar for ein vaskehall. «*Ideell størrelse på rommet er avhengig av hvilke kjøretøy som skal inn, men for normal brannbil kan ca. 15 meter lengde, 7 meter bredde og 6 meter fri høyde være et godt utgangspunkt. Ofte vil slanger for høytrykkspyler, såpe og lignende henge langs sidene. En brannbil med åpne dører er ca. 4,5 meter bred og det er viktig med god passasje rundt kjøretøyet.*»

I rettleiaren står det følgande om grovsanering:

- Ekstra skittent utstyr bør kunne grovsanerast før det går til finvask
- Tilstrekkeleg dimensjonert vasstilførsel og avløp
- Kan løysast i eige rom eller med eigna utstyr i vaskehall



Figur 5. Planteikning vaskehall Os brannstasjon, som eksempel på vaskehall.



Figur 6. Snitt vaskehall Os brannstasjon, som eksempel på vaskehall.

Aktuell tomt for plassering av denne funksjonen er gnr/bnr 39/93 på Frøland.



Føresetnader for gjennomføring av vurdert løsning:

- Det vert føresett etablert garderobefunksjonar i samband med vaskehall.
- Det må etablerast gode rutinar for korleis reingjering av køyretøy, utstyr og omkledding skal gjerast for å unngå at mannskap køyrer tilbake til stasjon i ureint tøy når køyretøy og utstyr er vaska.
- Det vil vere krav om naudsynte løyver til oppføring av bygg. Det er usikkert knytt til om tiltaket vil utløyse krav om reguleringsplan.
- Tomten ligg lågt i terrenget og det er usikkerheit knytt til utfordringar med grunnvassnivå og trong for å etablere tankar under bakken til oljeutskiljar osv.
- Det må etablerast nye VA-tiltak i samband med bygget.
- Plass til garasje/bygg for dei kommunale køyretøya som er plassert her i dag.

5.5 Tilleggsfunksjonar i Raude Kross-bygget

Kommunen kan gjere avtale med Raude Kross sitt bygg som ligg ved dagens stasjon. Her kan brannvesenet ha møterom, kontor, treningsrom osv. Det er knytt usikkerheit til om arbeidstilsynet vil krevje utbetringar av dette bygget for at det skal kunne stette gjeldande krav. Sjølv om ikkje stasjonen er bemanna, er det krav om opphaldsrom/ pause/ spiserom/ møterom/rom for debriefing der det er moglegheit til å lage mat osv. (ref. korrespondanse med Arbeidstilsynet). Ved søknad om rehabilitering av dagens stasjon, må det visast korleis dette kravet vert løyst.

Det er plass til følgjande køyretøy i garasjen i dette bygget:


Raude Kross-bygget består i dag av:

1. etasje: en todelt garasje med toalett og lager.
2. etasje: møterom, 2 kontor, wc og et areal med te-kjøkken.


Det må gjerast tilpassingar for å tilfredsstille gjeldande krav. Omfanget avhenger av kravet til universell utforming.

Spise-/ pauserom skal normalt vere i same bygg som arbeidsplassen og kan ikkje ha ein avstand på meir enn 100 m ein veg. Det må vere tilgjengeleg til ein kvar tid og ha ein tilfredsstillande velferdsmessig standard med innlagt varm og kaldt vatn/moglegheit til å ivareta hygieniske tilhøve, moglegheit til å tilberede mat, dagslys og utsyn, romhøgde, inn klima/ventilasjon osv. Om lokala berre skal nyttast av utrykkingspersonale er det gjeve eit generelt unntak for krav om universell utforming/trinnfri adkomst.

Raude Kross-bygget er teikna opp på bakgrunn av eksisterande teikningar og eit par oppmålingar. Eksisterande teikningar samsvarar ikkje heilt med det som er bygd.



Figur 7. Teikninga av 1. etasje viser eksisterande situasjon med to av brannvesenet sine biler i garasjen.



Figur 8. Teikning av eksisterande situasjon i 2. etasje.

Ved ein eventuell vidare prosjektering må Raude Kors-bygget målast opp og det må avgjerast kva tiltak som skal gjerast for å få skissert ei løysing.

6 ANDRE VURDERINGAR/UTBETRINGSILTAK I TILKNYTING TIL VIDARE BRUK AV STASJON PÅ TYSSE

Det er i kapitla over gjort greie for krav til ombygging for at gjeldande krav til utforming av brannstasjonar vert stetta, i kombinasjon med tilleggsfunksjonar på med vaskehall på Frøland og kontor- og garasjefunksjonar i Raude Kross-bygget.

Det er samstundes gjort ein vurdering av fleire tiltak, løysingar og scenario i samband med vurderinga av fortsett drift av dagens stasjon. Dette for å gje eit breiast mogleg beslutningsgrunnlag. Følgande tiltak/scenario er vurdert:

Spredning av areal i bakkant av stasjonen

Det er vurdert kor vidt det er aktuelt å lage areal til utviding i bakkant av eksisterande bygg ved å sprengje vekk fjell. Det er svært bratt i bakkant av bygget. Dette alternativet er vurdert å ikkje vere mogleg å gjennomføre av fleire grunnar. For det første vil ein kome for nært eksisterande bustadbygg i bakkant. Vidare vil det ikkje vere mogleg å komme til med utstyr og maskinar utan å først rive eksisterande bygg.

Bruk av parkeringsplass på vestsida av fylkesvegen

Parkeringsplassen på vestsida av vegen er offentlig areal, og er derfor tilgjengeleg for kommunen. Å plassere bygg her, enten permanent eller midlertidig i form av brakkar/containerar, er vurdert å ikkje vere ein brukbar løysing. Det er krav til ein parkeringsplass til pr. brannmann ved utrykking, og ved bygging her vil parkeringsplassar fjernast. Det ligg i tillegg ein slamavskiljar under parkeringsplassen, noko som gjer det uaktuelt som byggjeland.

Oppsetjing av brakkar/containerar

Midlertidig oppsetjing av brakkar/containerar er av same vurdering som over, ikkje aktuelt.

Modulbygg

Det er undersøkt moglegheita for å setje opp modulbygg frå leverandør Expandia på tomte der eksisterande stasjon står i dag, i staden for å bygge om dagens bygg. ABO Plan & Arkitektur sin førebels vurdering er at tilgjengelig areal mellom fjell og vei er svært avgrensa og tilpassing mot eksisterende bygningsmasse vil vera utfordrande da bygga ikkje står vinkelrett mot kvarandre. Standard modulstørrelser er ikke tilpasset tomtens utforming slik den er i dag.

Fordel med modular kan vera ei enklare tilpassing mellom dei forskjellige nivåa som er mellom dei forskjellige bygningskroppane og at byggetid kan reduserast. For nærare vurdering av dette, vil det vere trong for nærare avklaringar med leverandør, som vert lagt ved saka.

7 KOSTNADSBEREKNING

Det er utarbeidd kalkylar som syner at ei utbetring av eksisterande brannstasjon på Tysse vil ha ein kostnad på om lag 22 mill kr. eks. mva., inkludert tiltak i Raude Kross-bygget og vaskehall på Frøland.

Det er gjort grove kalkylar for berekning av kostnader knytt til følgande:

- Rehabilitering og ombygging av eksisterande stasjon
- Etablering av vaskehall med grovsanering på Frøland
- Tiltak i Raude Kross-bygget
- Sprinkling i Skottabakken

Det er ikkje gjort kostnadsberekning av følgande:

- Søknadsprosessar og etablering av midlertidig brannstasjon under byggeperioden
- Øvrige tiltak ut over sprinkling på Skottabakken for å stette krav om avbøtande tiltak når 10-minutters kravet ikkje er oppfylt
- Trafikksikringstiltak for sikker kryssing av fylkesveg ut over lysvarsling, samt utbetring av avkøyrse frå dagens stasjon

Vedlagt ligg eit notat som nærare beskriv kva som inngår i kalkylen. Under ligg ein tabell med kostnader for tiltak i eksisterande brannstasjon og ein tabell med kostnader knytt til vaskehall med garderobe på Frøland.

I tillegg til dette er sprinkling på Skottabakken grovkalkulert til 700 000,-, og tiltak i Raude Kross-bygget grovkalkulert til 610 000,-.

Ombygging av eksisterande brannstasjon:

Post	Enhet	Kalkylekostnad	
Rigg og drift		800.000.-	
Varsellys	RS	390.000.-	Komplett med styresystem
Rivearbeider	RS	700.000.-	Begge bygg, ute og inne
Drenering	RS	1.740.000.-	Begge bygg, inkl grøft mot sjo
Fasader og tak	RS	1.685.000.-	Begge bygg
Nye gulv m/varme	RS	425.000.-	Garderobebygg
Innvendig ARK-fag	RS	935.000.-	Garderobebygg, ink overflater
Ventilasjon	RS	890.000.-	Begge bygg, flytting eksisterende anlegg.
Sanitær	RS	705.000.-	Garderobebygg
Sterk og svakstrøm	RS	350.000.-	Begge bygg
Kalkyle byggearbeider		8.620.000.-	
Generelle kostnader	RS	1.000.000.-	
Spesielle kostnader	RS	500.000.-	Innredning, vaskemaskiner ol
Forventet tillegg	RS	2.000.000.-	Kun skisseprosjekt som grunnlag
Usikkerhetsavsetning	RS	2.650.000.-	Mye uavklarte forhold
Sum grovkalkyle		14.770.000.-	Alle priser er eksklusive MVA

Vaskehall kommunale kjøretøy Frøland

Areal vaskehall med tilleggsfunksjoner	110	m ²		
Post	Mengde	Enhet	Enhetspris	Sum
Infrastruktur, VA				867 925
Grunnarbeid eks. riving				695 200
Gulv				187 000
Bygg og konstruksjoner (Sandwich)				1 556 900
Ventilasjon				73 500
Sanitær				274 000
Elkraft				100 000
SUM				3 754 525

Rigg og drift				500 000
Sum entreprisekostnad				4 254 525
Generelle kostnader				
Forprosjekt	1	RS		50 000
Prosjektering	1	RS		200 000
Administrasjon	1	RS		150 000
Diverse	1	RS		100 000
SUM				
Spesielle kostnader				
Løst inventar	1	RS		20 000
Forventet tillegg	10 %			477 453
Usikkerhetsavsetning	15 %			716 179
SUM KALKYLE				5 968 156

8 USIKKERHEIT OG RISIKO

Denne rapporten vurderer fysiske utbetringstiltak i eksisterande bygg for stetting av krav til helse, miljø og tryggleik. Det er samstundes fleire tilhøve rapporten *ikkje* gir svar på, som kan vere avgjerande for både samla kostnader og risiko ved gjennomføring. Under følgjer ein vurdering av usikkerheit knytt til vidareført bruk av dagens stasjon med gjennomførte utbetringstiltak.

8.1 Naudsynte løyver frå arbeidstilsynet

I denne rapporten er det gjort ein vurdering av løysingar opp mot gjeldande krav til utforming av brannstasjonar. Det er arbeidstilsynet som avgjer om eit bygg er utforma i tråd med regelverket for utforming av arbeidsplassar, og løyve frå arbeidstilsynet får ein først når det vert søkt om løyve til tiltak (byggjesøknad). Det er knytt risiko til å gå inn i ein vidare prosess med søknadsarbeid for utbetring av dagens stasjon når ein ikkje veit korleis arbeidstilsynet vil vurdere saka. Usikkerheita kring dette er knytt både til tiltak i eksisterande brannstasjon, men òg til dei funksjonane som er tenkt løyst i Røde Kross-bygget (evt. kommunehuset eller andre plassar).

8.2 Naudsynte løyver frå Vestland fylkeskommune

Det er trong for løyve til tiltak frå Vestland fylkeskommune for bygging nærare fylkesveg enn 50 meter dersom ein skulle gå vidare med søknad om utbetring. Det er knytt usikkerheit til korleis fylkeskommunen ville vurdert ein søknad om dette.

Det er også naudsynt med trafikkiseringstiltak i og langs fylkesvegen for å sikre trafikkisikker utkøyring med utrykking og trafikkisikker utkøyring

Lysregulering ved utrykking, flytte kryssingspunkt/stramme inn kryss.

8.3 Midlertidig brannstasjon

Under ombyggingperioden vil det vere trong for en midlertidig stasjon. Plassering, utforming, kostnader og søknadsprosesser/naudsynte løyver knytt til dette er ikkje vurdert i denne rapporten. Det må søkast arbeidstilsynet om godkjenningar for midlertidig stasjon.

8.4 Naudsynte kompenserande tiltak ved Skottabakken for å stette krav til responstid

Brannstasjonen på Tysse har ein responstid til Skottabakken som går ut over kravet til 10 minutter. Dette utløyser krav til kompenserande tiltak etter brann- og redningsvesenforskrifta § 22. Omfang av kompenserande tiltak går fram av vedlagt rapport frå AFRY.

Kostnader knytt til kompenserande tiltak ut over sprinkling er pr. i dag ikkje kjend.

8.5 Fleksibilitet og framtidig beredskapsbehov

Ombygginga er teikna ut slik at det er plass til eit mannskap på 20 menn og ei kvinne. Det er ikkje fleksibilitet i bygget for ombygging på grunn av plassmangel på tomte. Løysinga gir begrensningar med omsyn til ein potensiell endra mannskaps- og beredskapssituasjon.

Det er krav om øvingar for brannmannskap, som skal utførast etter brannvesenet si årlege plan for øvingar. Det er ikkje sett av areal til dette i samband med framleis bruk av dagens stasjon på Tysse.

9 OPPSUMMERING

Det er gjort forsøk på å teikne om planløysing i eksisterande bygg for å stette krav til utforming av brannstasjonen, spesielt med omsyn til rein/urein sone. Dette kravet er stetta i forslag til ny planløysing, men behøver godkjenning frå arbeidstilsynet. Krav til møterom/debrief/pauserom er ikkje sikra i bygget, men kan løysast i Raude Kross-bygget. Det er krav om vaskehall for køyretøy og utstyr, med moglegheit for løysingar som hindrar

eksponering for farlege stoffar. I denne rapporten er det vurdert ein løysing for dette på Frøland.

Det er utarbeidd kalkylar som syner at ei utbetring av eksisterande brannstasjon på Tysse vil ha ein kostnad på om lag 22 mill kr. eks. mva., inkludert tiltak i Raude Kross-bygget og vaskehall på Frøland.

Det er knytt usikkerheit til følgande punkt:

- Det er ikkje avklart om det vert gjeve naudsynte løyver frå arbeidstilsynet med omsyn til utforming av arbeidsplass og særskilte krav til brannstasjon. Det er òg usikkert om det vert gjeve naudsynte løyver frå Vestland fylkeskommune til å gjere tiltak ved og i fylkesveg på Tysse, både når det gjeld ombygging av stasjonen og trafikktryggleikstiltak på vegen.
- Plassering og utforming av midlertidig stasjon i byggjeperioden, eventuelle naudsynte løyver frå arbeidstilsynet og andre mynde, samt kostnader knytt til den midlertidige løysinga. Arbeidstilsynet skal godkjenne tiltaket sjølv om det er midlertidig.
- Det er knytt usikkerheit til kostnader for avbøtande tiltak på Skottabakken, ut over sprinkling.

10 VEDLEGG

Vedlegg B1 - Gjennomførte utbetringar. Notat, ABO Plan & Arkitektur AS

Vedlegg B2 - Notat- vurdering av uttrykkingstid Skottabakken, AFRY

Vedlegg B3 - RIBR-02 Risikokartlegging, Skottabakken, AFRY (vert ettersendt)

Vedlegg B4 - Planteikning rehabilitering, ABO Plan & Arkitektur AS

Vedlegg B5 - Planteikning rein og urein sone, ABO Plan & Arkitektur AS

Vedlegg B6 - Røde Kors - Planteikningar

Vedlegg B7 - Kostnadsberekning rehabilitering Samnanger brannstasjon Tysse